

S e r u t s k r i f t

av møte i Meland formannskap 4.5.1976.
Alle formennene var tilstades.

Sak nr. 213.

Ulempeserstatning i samband med skade påført gnr.16, bnr.2 og 5,
 eigar Lars Olav Meland - i høve vassverktbygginga.

Saka er oversendt frå kommuneingeniøren. Låg føre skriv, d.27.4.76
 frå heradsagronomen, der han har taksert arbeidet som må gjerast
 for å få jorda i like god stand som før gravinga.
 7,9 dekar jord må tilsåast, og det må gravast ca. 160 m grøfter.
 Samla kostnad er sett til kr. 12.000,-.

Samrøystes vedtak:

"I samsvar med oppstilling frå heradsagronomen, vert det å betala
 ut kr. 12.000,- til Lars Olav Meland, som erstatning for ulempe.
 Kommunen er då utan ansvar for oppryddingsarbeidet.
 Kostnaden vert å dekkja over konto 1.620.400 - nyanlegg og omlegging
 vassverk."

Rett atskrift.

Beholdt Lars Olav Meland med di ein viser til ovanstående.

Fre haug, 7.5.76.

okt.

S.d. sendt kommuneingeniøren, kommunekasserar og revisor
 til vitring.

Kommuneingeniørkontoret
her.

Kostnad med opprensning etter nedgraving av hovudvassledning
over innmarka på gnr.16 bnr.2,5 Meland.Eigar,Lars Olav Meland.


Saman med eigaren har eg gått langs ledningen og taksert arbeidet
som må gjerast for å få jorda i like god stand som før gravinga.
Skader av overflatevatn frå bygdevegen er ikkje med.

7,9 dekar langs ledningen må pløyast,renskast for stein,harvast,
kalkast,gjødslast og tilsåast med grasfrø.Det må gravast ca.160m
grøfter (raud strek på vedlagte kart i M 1:5000). Ein del
traktorspor må jammast og tilsåast og det må plukkast stein.
etter fjellsprenginga.Utafor gjødselkjellaren må det fyllast
på stein slik at der vert snuplass.

Samla kostnad er rekna til kr.12.000,-.

Sigmund Austegard
Sigmund Austegard
heradsagronom

Los New Island



8719 (RÖYSET)